

VOSS BYGDEBOKNEMND – VEDTEKTER

Vedtekne av Voss kommunestyre i møte 22.06.2017, sak 35/17

1. Voss bygdeboknemnd har som formålet å utgje gards- og ættesoge for Voss kommune.
2. Bygdeboknemnda skal ha 5 – fem – medlemmer med vara i rekke. Nemnda vert vald av kommunestyret og har same funksjonstid som dette. Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Bygdeboknemnda utgjer styret i Voss bygdeboknemnd BA, org.nr. 870 543 352.
3. Voss bygdeboknemnd si oppgåve er å arbeida for utgjeving av gards- og ættesoge for Voss kommune. Voss bygdeboknemnd kan også gje ut andre lokalhistoriske skrifter, eller støtte andre skrifter/utgjevingar.
4. Styret i Voss bygdeboknemnd BA er vedtaksføre når 3 – tre - av medlemmene møter. Leiar kallar inn til møte i Voss bygdeboknemnd så ofte som leiar, eller medlemmer i styret, finn det nødvendig, minst ein gong årleg.
5. Bygdeboknemnda sin rekneskap vert ført av Voss kommune og revidert av Voss kommune sin revisor, mot vederlag.
6. Årsmelding og rekneskap skal avleggast etter gjeldande reglar, og revidert rekneskap og årsmelding skal sendast MKU til orientering.
7. Vedtektene kan berre endrast av Voss kommunestyre.

Voss 22.06.2017